
Fra: Gro Håland
Sendt: mandag 16. oktober 2017 21.30
Til: May-Cecilie Ulsmog
Kopi: silje_ nesse@hotmail.com
Emne: SV: Levering før klokka 08.00

Hei.

Eg forstår at foreldre kan oppleve det som uheldig at dei ikkje kan levere på den avdelinga barnet går på. Grunnen til at vi har denne ordninga der alle er saman på Bjørn frå 7-8, er grunna reinhald. Eg har vore i kontakt med leiar for reinhald for å sjå om det er mogleg å endre rutineane, og beklagar at det har tatt tid før eg har kunna svart dykk. Etter samtale med leiar for reinhald har dei kome fram til at dei vil prøve å omorganisere litt. Det betyr at Revehiet, Nordigarden og Sørigarden kan opna kl 7:30. Ulvehiet klarar dei ikkje såleis bli ferdig med før kl 8, så dei held fram med å vere på Bjørnehiet fram til då. Tilbod om utvida opningstid frå 7 til 7:30 vil halde fram med slik ordninga er i dag, der dei som nyttar seg av dette tilbodet leverar barna på Bjørnehiet.

Vedrørende spørsmål om planane kring den nye barnehagen. Status er at teikningar er ferdigstillt og det jobbast med omregulering av tomte, ferdigstilling av bestillinga som skal ut på anbod, og finne løysning på barnehagedrifta i byggeperioden. Drifta for Bø barnehage i byggeperioden vil vere på Solhall (gamle dps-bygget) , der midtseksjonen av bygget vil vere til vår disposisjon. Innvendig og utvendig skal det gjerast oppgraderingar, slik at romma vert tilpassa barnehagedrift.

Det vert vanskeleg å sei noko om korleis vi ser for oss at leveringssituasjonen vil verte i den nye Bø barnehage. Det vi har snakka om er at vi ser for oss at kan nytte fellesarealet dersom ordninga med utvida opningstid framleis held fram, for så å gå på dei ulike avdelingane når den ordinere opningstida er. Fordelen vi har i den nye barnehagen er at vi kan gå tørrskodd til alle avdelingane. Det at vi er samla under same tak gjer det også meir fleksibelt iht samarbeid på tvers av avdelingane på ein heilt anna måte enn det vi har det i dag.

Mvh Gro Håland

Fra: May-Cecilie Ulsmog <MCU@statoil.com>
Sendt: 25. september 2017 18:17
Til: Gro Håland
Kopi: silje_nesse@hotmail.com
Emne: Levering før klokka 08.00

Hei.

Me i FAU har fått henvendelser på bland anna dette med og levere på morgningen. Det oppleves som vanskelig for barn, spesielt dei minste og ikkje bli levert på eiga avdeling. Det gjer situasjonen endå meir utfordrande er at dei voksne frå kvar enkelt av avdelingane ikke alltid er tilstades for eksempel klokka 07:45. Ein har også opplevd og velga og komme til ca 08:00-08:05 og opplever då at eiga avdeling framleis ikkje er opna.

Døra på Rev er av og til open og av og til låst, det er ønske om at denne kan låsast opp klokka 07.00 slik at regnkledde osv kan plasseres av foreldra sjølve.

For at levering av dei minste skal gå lettast mulig føler foreldra at stabilitet på eiga avdeling burde vera nøkkelfokus, det krev gjerne meir av barnehagen det ser me men samtidig burde ungane sin kvardag gå først og stå sterkare enn kva som er mest pratisk. Slik det er per i dag er det nokre foreldre som velger og komme 10-15 minutter for seint på eigen jobb slik at dei får levert på eiga avdeling og forhåpentligvis til kjent personell.

Kan ein sjå på muligheten for og kunne opne småbarnsavdelingane tidlegare? Me oppfattar det slik at det er eit stort ønske om det for og gjere leveringssituasjonen meir stabil og forutsigbar for dei minste.

Vidare lurte me på om planane om ny barnehage går som ved siste orientering? Korleis ser ein for seg levering i ny bhg?

Mvh FAU

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you